



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Alle kommunane i fylket

Helse-Vest v/leing

ØNH-avd. i Helse Førde

Brukarutvalet i Helse Førde

Fylkeseldrerådet

Aviser/NRK Sogn og Fjordane

TILSETJING AV AUDIOGRAF OG AUDIOPEDAGOG I SOGN, NORDFJORD OG SUNNFJORD

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane, Pensjonistutvalet i Fagforbundet Sogn og Fjordane, Postpensjonistane i Sogn og Fjordane og HLF Sogn og Fjordane ynskjer å fremje forslag om å tilsetje ein audiograf og ein audiopedagog i kvar region i fylket. Stillingane bør vere lokalisert til dei lokalmedisinske sentra som er under planlegging og må forankrast i Helse Førde, men fysisk arbeide ute og dekke etterspørselen i kommunane. Forankringa er viktig for at audiografen/audiopedagogen skal få eit godt fagmiljø slik at desse jobbane blir attraktive. I tillegg er det svært viktig at dei er knytt opp til den same pasientjournalen som pasienten har ved ØNH-avd.

Audiografen/audiopedagogen vil då fungere som ein forlenga arm til ØNH-avdelinga, og arbeidsoppgåve vil vere å tilpasse høyreapparat, ta kontrollar, ta inn nye tilviste pasientar til høyrseprøve m.m, dette vil då også hjelpe for å få ned ventetida for dei aktive eldre som ikkje har største prioritet inne på avdelinga. Dagens tilbod er anten inne på ØNH-avdelinga til ein audiograf eller å måtte reise til Bergen for å få gå til fylkesaudiopedagogen på Vestlandske kompetansesenter for å få oppfølging av ein pedagog. Ein audiopedagog sitt arbeidsområde er heile brukaren. Han er opptatt å få tilpasse høyrsebildet så godt at brukaren kan få full nytte av høyreapparatet sitt. Det tilbodet som kommunane har i dag, er både mangelfullt og den kommunale høyrsekontakten har dessverre ikkje nok tid til å følgje opp høyrse, då vedkommande som regel jobbar i pleie og omsorg.

Vi ynskjer sterkt å fremje eit slikt tilbod i kommunane. Når det gjeld økonomi, må dette bli eit spleiselag mellom fylkeskommunen, dei ulike kommunane og Helse-Førde. Dette tilbodet er svært viktig for å kunne auka livskvaliteten til dei aktive eldre, slik at dei ikkje blir isolerte og inaktive. Dette tilbodet er også eit viktig ledd i det helseførebyggande arbeidet i kommunane og må ikkje gløymast.

Vi ber om at denne saka får høg prioritet, då dette har betydning for ei stor gruppe menneske.

Med helsing



Jostein Midtbø (s)

Laila Hage

Fylkesleiar

Dagleg leiar

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

Randi Aanonsen (s)

Fylkesleiar

Pensjonistutvalet i Fagforbundet Sogn og Fjordane

Harald Ekroll (s)

Fylkesleiar

Postpensjonistane Sogn og Fjordane

Synnøve Solhaugen Engen (s)

Fylkesleiar

HLF Sogn og Fjordane